



HAREID



HERØY



SANDE



ULSTEIN



VANYLVEN

**INTERKOMMUNAL  
KYSTSONEPLAN  
FOR YTRE SØRE SUNNMØRE**

**2022-2027**

**Føresegner og retningslinjer**

**Plan id: 15xx 2021**

---

Føresegnene er datert: 30.08.2021

sist revidert:

Saksnr og dato for vedtak:

---

Føresegner (SKAL) er knytt til plankartet, klargjør vilkår for bruk og vern av areala og er juridisk bindende jfr. PBL §§ 11-9 til 11-11.

Retningslinjer (BØR) er av rettleiande karakter og kan ikkje brukast som heimelsgrunnlag for vedtak etter denne planen. Dei gir ei utdjupande forklaring og bedre forståelse til praktisering av føresegnene for ønska utvikling i saker som berøre planområdet.

Føresegnene og retningslinjene er knytt til plankart datert 30.08.2021. For kvart arealformål og underformål er det spesifisert føresegner og retningslinjer. Feltkoder i plankartet er V, VKA, VFI osv.

Kystsonenplan for Ytre Søre Sunnmøre nyttar følgjande arealformål med tilhøyrande føresegner og retningslinjer:

1. Generelle føresegner og retningslinjer i særlovgivinga med betydning for planen
2. Arealformål Kystsonenplan Ytre Søre Sunnmøre
3. Kombinerte formål i sjø og vassdrag (6800) VKA
4. Omsynssoner

## Innhold

### 1 GENERELLE FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER I SÆRLOVGIVNINGA MED BETYDNING FOR PLANEN

- 1.1 KULTURMINNE
- 1.2 NATURMANGFALD
- 1.3 NASJONAL LAKSEFJORD
- 1.4 FISKERI
- 1.5 FERDSEL OG FARLEI
- 1.6 MUDRING OG FLYTTING AV MASSER
- 1.7 KVIKKLEIRESKRED
- 1.8 RÅSTOFFUTVINNING TIL NÆRING
- 1.9 AKVAKULTUR/OPPDRETT
- 1.10 PLANKRAV

### 2 AREALFORMÅL OG FELTKODER I PLANKARTET (V, VKA, VFI OSV.)

- 2.1 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (6001) INKL. A (V1, V2 OG V3)
- 2.2 OPPLAGSOMRÅDE (6120) (VO)
- 2.3 FERDSEL (6001) (VFE) ANKRINGSOMRÅDE (6110) (VAO)
- 2.4 FARLEI (6200) (VF) HAMNEOMRÅDE I SJØ (6220) (VHS) OG SMÅBÅTHAMN (6230) (VS)
- 2.5 FISKE (6300) VFI
- 2.6 AKVAKULTUR (6400) VA
- 2.7 NATUROMRÅDE (6600)
- 2.8 FRILUFTSOMRÅDE (6700)

### 3 KOMBINERTE FORMÅL I SJØ OG VASSDRAG (6800) (VKA)

- 3.1 KOMBINERTE FORMÅL FOR FISKE, FERDSEL, NATUR OG FRILUFTSLIV (FFFN)
- 3.2 KOMBINERTE FORMÅL FOR FISKE, FARLEI, FERDSEL OG FRILUFTSLIV (FFFF)
- 3.3 KOMBINERTE FORMÅL FOR NATUR, FISKE, FARLEI, FERDSEL OG FRILUFTSLIV (NFFFF)
- 3.4 KOMBINERTE FORMÅL FOR NATURFORMÅL OG AKVAKULTUR (NA)
- 3.5 KOMBINERTE FORMÅL AKVAKULTUR OG FERDSEL (AF)
- 3.6 KOMBINERT FORMÅL AKVAKULTUR, FISKE, FARLEI, FERDSEL OG FRILUFTSLIV (VKA\_AFFFF)

### 4 OMSYNSSONER JF. PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 11-7 NR. 6

- 4.1 OMSYNSZONE ANDRE SIKRINGSSONE (H190)
- 4.2 OMSYNSZONE TIL SNØSKRED, STEINSPRANG, STEINSKRED OG JORDSKRED (H310)
- 4.3 OMSYNSZONE FRILUFTSLIV (H\_530)
- 4.4 OMSYNSZONE NATURMILJØ (H\_560)
- 4.5 OMSYNSZONE KULTURMILJØ (H\_570)
- 4.6 OMSYNSZONE HØGSPENTANLEGG (H\_370)
- 4.7 OMSYNSZONE STØY (H210-220)
- 4.8 OMSYNSZONE DETALJERING (H910):



## 1 Generelle føresegner og retningslinjer i særlovgivinga med betydning for planen

Kommunal kystsonenplanlegging er definert og regulert av plan- og bygningslova. Samtidig skal det takast omsyn til sektorlovverket i kystsonenplanlegging. Ved inngrep i sjø eller vassdrag skal det bl.a. dokumenterast korleis tiltaket påvirke kulturminner, naturmangfald og allmennheita sin moglegheit for ferdsel på sjøen. Det kan ikkje fastsettast føresegner i planen som er i konflikt med særlovgivinga.

### 1.1 Kulturminne

Tiltak nærmare enn 100 meter frå automatisk freda kulturminne eller tiltak som ligg innanfor område vurdert som verneverdig kulturmiljø i Kulturminneplan, må avklarast med kulturminnemyndigheitene og tiltak nærmare enn 100m frå utvalte kulturlandskaps-område må avklarast med Statsforvaltaren.

Før det blir gjennomført inngrep på sjøbotnen, skal saka eller tiltaket leggest fram for *Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum*, etter forskrift til lov av 9. juni 1978 nr. 50 om Kulturminner, § 14. Datasett for kulturminne (Askeladden) skal sjekkast ut i område der tiltak (jfr pbl. kap. 20) skal gjennomførast.

Det kan krevjast at det skal undersøkast om det kan være skipsfunn eller andre marine kulturminne i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelovas §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkelsane.

Dersom det i forbindelse med tiltak blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den grad det berøre kulturminnet eller tilhøyrande sikringssone. Funn av moglege, automatisk freda kulturminne skal varslast til aktuell kulturminnemyndigheit - Møre og Romsdal fylkeskommune. Alle tiltak som vil eller kan berøre slike kulturminne skal leggest fram for kulturminnemyndigheita for godkjenning.

### 1.2 Naturmangfald

Ved tiltak (jfr. PBL kap. 20) skal NML §8-12 utkwitterast. Konsekvensutgreiing for naturmangfald er gjennomført i vedlegg A.

For kartlagde område som har vesentleg regional og/eller nasjonal stor verdi for biologisk mangfald samt område som er verna etter Naturvernlova, skal det i vassøyle eller botn ikkje gjerast inngrep eller bruk som kan forringe, skade eller øydelegge førekomsten av prioritert naturtype.

### 1.3 Nasjonal Laksefjord

I nasjonale laksefjordar er det forbod mot nyetablering av oppdrettsanlegg, slakting og vidareforedling av anadrome fiskeslag (laks, sjøørret og sjørøye) av omsyn til dei ville laksestammene. I dei nasjonale laksefjordane skal det ikkje etablerast ytterlegare matfiskoppdrett for laksefisk, og eksisterande verksemd er underlagt strengare krav til rømmingssikring, kontroll av lakselus og anna sjukdom.

Konsekvensutgreiing for villaks er gjennomført i vedlegg A.

Formålet med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar er å gi eit utval av dei viktigaste laksebestandane i Noreg særleg beskyttelse mot skadelege inngrep og aktivitetar i vassdraga og mot oppdrettsvirksomheit, forureining og munningsinngrep i dei nærliggande fjord- og kystområda.

Tilleggs-lokalitetar for etablerte matfiskkonsesjonar for laksefisk kan tillatast innanfor ein nasjonal laksefjord dersom dette er nødvendig for å få til generasjonsadskillelse og brakklegging.

### 1.4 Fiskeri

I viktige aktive fiskefelt, viktige gyteområde og i passive fiskefelt (jf. Fiskeridirektoratets verdisetting) skal det i vassøyle eller botn ikkje gjerast inngrep eller bruk som kan forringe, skade eller øydelegge områda sin kartlagde funksjon.

### 1.5 Ferdsel og farlei

Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak (hamne- og farvasslova §27), inngrep eller bruk som kan vere til hinder og påverke sikkerheita for sjøvegs ferdsel langs kartlagt hovudlei, bilei eller lokallei.

All aktivitet og tiltak innanfor farleier og statlege fiskerihamner skal avklarast med Kystverket. Kommunane kan fastsette fartsforskrifter i hovud- og bileier, og lokal forskrift skal vurderast og godkjennast av Kystverket før den kan tre i kraft.

### 1.6 Mudring og flytting av masser

Ved utbyggingar som omfattar mudring og flytting av masser skal grunnforholda vurderast og tilstrekkeleg stabilitet dokumenterast. Eventuelt må førebyggjande tiltak gjennomførast. Opptak av masser frå sjøbotnen bør utførast slik at det ikkje oppstår fare for utgliding av strandmassene, eller skade på annan infrastruktur. Er det påvist eller er mistanke om forureina grunn skal dette også undersøkast.

Opptak av masser bør heller ikkje skje når det står fiskemærer i nærleiken, oppstår konflikt med fiske eller når det pågår låssetting av fisk. Avklaringane skal dokumenterast ved søknad om rammeløyve jf. PBL § 11-9 nr. 8. Statsforvaltaren behandlar søknad om mudring og dumping jf. forureiningslova.

### 1.7 Kvikkleireskred

Ved utredning av fare for kvikkleireskred i område under marin grense med marine avsetningar, må det, ved utarbeiding av reguleringsplan eller ved enkeltaksbehandling gjennomførast ei geoteknisk vurdering av kvikkleireskredfare. Dersom det blir funnet kvikkleire i området, skal utbygginga sin effekt på heile områdestabiliteten utredast av fagkyndig. Det skal også vurderast om planområdet kan bli berørt av skred som utløysast utanfor planområdet.

Det er viktig at det ved alle typar terrenginngrep og utbygging på marine avsetningar under marin grense og i sjø, visast aktsemd i forhold til mogleg fare for kvikkleireskred. Dette gjeld blant anna ved utfylling av masser i sjø, ved mudring, ved molobygging osv. Eventuelle risikoreduserande tiltak må beskrivast og effekten av desse må dokumenterast.

### 1.8 Råstoffutvinning til næring

Søknad om konsesjon for opptak av skjellsand til næring skal sendast til uttale til lokale fiskarlag, kulturminnemyndigheit på marine kulturminne og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for uttale. Konsesjon for råstoffutvinning til næring krev ein reguleringsplan for området. Det er Møre og Romsdal Fylkeskommune som gir konsesjon for opptak av skjellsand og kommunen er høringsinstans.

Omfanget av ev. uttak skal rapporterast til kommunen. Tidspunkt for skjellsandopptak skal skje etter avtale med fiskarlag.

Råstoffutvinning omfatte større uttak av mineralske lausmasse (leire, silt, sand, grus, stein, blokk), fastfjellførekomstar for produksjon av byggeråstoff og liknande formål, industrimineral og malm. Fylkeskommunen er konsesjonsmyndigheit for uttak av skjellsand. Direktoratet for mineralforvaltning er konsesjonsmyndighet for øvrige uttak. Slike planar krev også driftsplan og konsesjon etter minerallova.

### 1.9 Akvakultur/oppdrett

Etablering av akvakultur omfatte alle typar akvakultur/oppdrett: anadrom fisk, marin fisk, makroalgedyrking, dyrking av blåskjel, havbeite med meir. Lista er ikkje uttømande.

### 1.10 Plankrav

Symbolet # i plankartet tyder at arbeid og tiltak ikkje kan finne stad før området inngår i ein godkjend reguleringsplan i samsvar med gjeldande plankart slik at ein oppnår ei heilskapleg utvikling av området.

## 2 Arealformål og Feltkoder i plankartet (V, VKA, VFI osv.)

Arealformål som vert nytta i Kystsoneplan for Ytre Søre Sunnmøre:

### 2.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag (6001) inkl. A (V1, V2 og V3)

V1, V2 og V3 er tidlegare NFFFA-område i eldre planar eller generell sone *Bruk og vern av sjø og vassdrag* (6001) i nyare planar. V-formål gir eit signal om at det er mogleg å få løyve til etablering av oppdrett.

*Vedlegg D* inneheld eit mellombels temakart med klassifisering av egnethet for ulike former for havbruk frå NGU. Temakartet vil bli erstatta med nytt temakart når NFR-prosjekt KystBruk er ferdig.

#### V: Bruk og vern av sjø og vassdrag (6001) inkl. A

I Bruk og vern av sjø og vassdrag inkl. akvakultur (6001) kan det søkast om etablering av akvakultur utan at dette krev dispensasjon frå arealformålet. Kommunane skal vurdere og avklare mogleg arealbrukskonflikt i den enkelte akvakultursak med bakgrunn i oppdatert kunnskapsgrunnlag, slik at natur-, ferdsels-, fiske- og friluftinteressene ikkje vert vesentleg skadelidande. Eventuell endra arealbruk på land skal også vurderast.

Her kan det etablerast botnkultur og havbeite som ikkje er synleg i overflata, forutsatt løyve etter akvakulturlova, og at andre interesse og omsyn ikkje tilseie at ønsket om akvakultur må vike.

Egnethet for ulike former for akvakultur er basert på ulike sedimenteringsregimer i marine grunnkart jf. temakart i *vedlegg D*. Bruk av og grunngeving for ulike sedimentregimer er nærare omtalt i kap. 3.2 i *vedlegg A - Konsekvensutredning*.

**V1:** I rosa areal kan det etablerast alle former for akvakultur.

**V2:** I gule areal kan det etablerast alle former for akvakultur med lavare organiske belastning enn i rosa areal.

**V3:** I blå areal grunnare enn 100m er det ikkje tillate med høgtrofisk akvakultur med foring. Det er tillate med lavtrofisk akvakultur utan foring.

Graving, mudring, utfylling, bygging av småbåthamn og andre tiltak som kan endre eit område sin friluftsverdi eller verneverdi kan berre tillatast med heimel i godkjend reguleringsplan.

I "Bruk og vern område" vil oppdrettsanlegg kunne etablerast dersom det ikkje dukkar opp nye moment under offentleg utlegging/kunngjering som ei følge av særlovgivinga. Ved søknad om etablering av akvakulturanlegg i dei generelle sjøområda vert det krevd full saksgang med utredning og avveging i forhold til andre interesser jf. akvakulturlova § 6 og § 16.

### 2.2 Opplagsområde (6120) (VO)

For område **VO101 Hareid** gjeld følgande: Dette er område med ambulerande oppankring av bøyer (bøyehamn) til sikring av fartøy og konstruksjonar m.v. i forbindelse med sjøretta produksjon på Raffelneset industriområde

### 2.3 Ferdsel (6001) (VFE) Ankringsområde (6110) (VAO)

I farleilinjer er det tillate med fortøyingar frå akvakultur og andre, så fram dei ikkje er til hinder for farleiene og merkesystemet i farvatnet. Søknadspliktige tiltak vil verte behandla i kvart enkelt tilfelle i forhold til kvit sektor og til djupne av Kystverket jf. Hamne- og farvasslova § 14.

I ankringsområde (6110) er det ikkje tillate å legge sjøkablar, fortøyingar eller andre faste installasjonar.

## 2.4 Farlei (6200) (VF) Hamneområde i sjø (6220) (VHS) og Småbåthamn (6230) (VS)

I **farleiareal(6200)** er det tillate med fortøyingar frå akvakultur og andre, så framti dei ikkje er til hinder for farleiene og merkesystemet i farvatnet. Søknadspåltige tiltak vil verte behandla i kvart enkelt tilfelle i forhold til kvit sektor og til djupne av Kystverket jf. Hamne- og farvasslova § 14.

I **hamneområde i sjø (6220)** kan kommunane lage egne bestemmelsar for kommunale hamner, jf. Hamne- og farvasslova § 3, bokstav f.

**Småbåthamn(6230)** er underlagt krav om utarbeiding av detaljregulering. Det skal leggst vekt på miljømessige kvalitetar. Planen skal vise løysingar for molo, flytebrygger, landfeste, tilkomst, parkeringsareal, avfallshandtering med oppsamling av forureinande maling m.m. etter spyling og båtpuss, og ev. servicebygg og lyssetting av anlegget.

For småbåthamner gjeld at det ved utforming bør leggst opp til best mogleg skjerming for støy og innsyn. Det bør tilretteleggast for kildesortering av avfall i småbåthamnene, og miljøfarleg avfall (batteri, olje, lakk, maling og andre kjemiske produkt) skal takast hand om på ein forsvarleg måte. Bryggeanlegg og bølgebrytarar bør utformast og plasserast med tanke på å sikre tilstrekkeleg vassgjennomstrøyming for å oppretthalde god vasskvalitet.

## 2.5 Fiske (6300) VFI

I gytefelt, viktige fiskefelt, kaste- og låssettingsplassar og i felt for bruk av aktive fiskeredskap, skal det i vassøyle eller botn ikkje tillatast tiltak som kan skade eller øydelegge områda sin kartlagde funksjon.

## 2.6 Akvakultur (6400) VA

Område omfatte alle typar av oppdrettsanlegg (fiskeoppdrett, skjelfarmer og algedyrking m.m.)

Anlegget, med forflåte og ev. bustadar på sjø skal ligge innanfor område der det er tillate med akvakultur, pbl. 11-7 nr. 6.

Fortøyingar må ikkje hindre fri ferdsel for mindre fartøy mellom anlegget og land. Fortøyingar festa i land skal festast under lavast lågvatn.

### For område VA101, VA102, VA103 og VA 104 Hareid gjeld:

Akvakultur tillatast berre innanfor områda merka VA på plankartet.

b) I desse områda tillatast ikkje tiltak som kan hindre eller forstyrre akvakulturverksemda.

c) Heile anlegget skal ligge innanfor området kor det tillatast akvakultur. § 11-11 nr. 3.

d) I område innanfor kvit sektor er det ikkje tillate med installasjonar høgare i vassøyla enn – 25 m. Omsyn til farlei har forrang i kvit sektor, sjølv om arealet er satt av til akvakultur. § 11-11 nr. 3.

e) Anlegg må ikkje plasserast slik at det hindrar signal frå raud eller grøn sektor. § 11-11 nr. 3.

f) Anlegg må plasserast utanfor områder med skredfare. § 11-11 nr. 3. Unntak er dersom det ligg føre geologisk vurdering med avbøtande tiltak.

g) Innanfor VA område må fiske- og ferdselsforbod på 100m reknast med.

h) Innanfor områda merka som VA102, VA103 og VA104 i plankartet er det berre tillate med oppdrett av laks, regnbogeare og aure, jf. PBL. §11-11 nr. 7.

For å ta områda i bruk til akvakultur, må det gjevast løyve etter akvakulturlova.

Andre aktivitetar kan skje fritt i området så lenge dei ikkje kjem i konflikt med planformålet. Forureiningslova krev at anlegg som ikkje er i drift skal fjernast.

Rundt akvakulturanlegg er det eit ferdselsforbod på 20 meter. Her er friluftsliv, fiske, farlei og ferdsel forbode. Det er òg ei fiskeforbodssone på 100 meter rundt anlegget. Fiske- og ferdselsforbode inngår i arealformålet akvakultur, noko som betyr at eit anlegg inkl. forbodssone på 100 meter må ligge innanfor areal sett av til akvakulturformål.

## 2.7 Naturområde (6600)

I naturområde skal det i vassoverflate, vassøyle eller botn ikkje gjerast inngrep som er i konflikt med verneformålet eller med naturtype av nasjonal og vesentleg regional interesse.

Det kan gjerast unntak for vedlikehald av etablert infrastruktur

## 2.8 Friluftsområde (6700)

I område satt av til friluftsliv tillatast ingen tiltak og inngrep som kan forringe området sin eksisterande tilstand og verdi.

Friluftskartlegging skal vurderast ved konsekvensutgreiing av nye tiltak.

## 3 Kombinerte formål i sjø og vassdrag (6800) (VKA)

### 3.1 Kombinerte formål for fiske, ferdsel, natur og friluftsliv (FFFN)

Innanfor desse områda tillatast ikkje etablering av akvakultur. Andre tiltak i FFFN-område skal underleggast streng vurdering før løyve til tiltak eventuelt kan gis.

Fiske kan kombinerast med ferdsel, natur og friluftsliv. Omsynet til fiskerinæringa skal vektleggast i konflikttilfelle.

### 3.2 Kombinerte formål for fiske, farlei, ferdsel og friluftsliv (FFFF)

Etablering av oppdrettsanlegg er ikkje tillate.

Det kan leggast til rette for ferdsel og etablering av flytebrygger, kai med meir. Farlei og fiske kan kombinerast med ferdsel og friluftsliv. Omsynet til farlei og fiskerinæringa skal vektleggast i konflikttilfelle.

### 3.3 Kombinerte formål for natur, fiske, farlei, ferdsel og friluftsliv (NFFFF)

For område VKA\_NFFFF101 Hareid er det ikkje tillate med etablering av oppdrettsanlegg

### 3.4 Kombinerte formål for naturformål og akvakultur (NA)

Innanfor desse områda tillatast etablering av akvakultur i samsvar med verneforskrifta.

### 3.5 Kombinerte formål akvakultur og ferdsel (AF)

Fortøyningar skal ligge innanfor kombinertformålet og ligge djupare enn 25 m av omsyn til farlei, jf. §11-11 nr. 3.

### 3.6 Kombinert formål akvakultur, fiske, farlei, ferdsel og friluftsliv (VKA\_AFFFF)

Fortøyningar skal ligge innanfor kombinertformålet og ligge djupare enn 25 m av omsyn til farlei, jf. §11-11 nr. 3.



#### 4 Omsynssoner jf. plan- og bygningslova § 11-7 nr. 6

Omsynssonene vise kva omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av arealet uavhengig av kva arealbruk det planleggast for.

##### 4.1 Omsynssone andre sikringsone (H190)

- a) Ved tiltak som røre ved sjøbotn i omsynssone **H190\_101 og H190\_103 Hareid** skal det ligge føre ein fagkyndig utredning og/eller dokumentasjon om korleis dette vil verke inn på gamal dumpeplass.
- b) Ved **H190\_102 og H190\_103 Hareid** skal nye tiltak ta omsyn til ferjetrafikk mellom Hareid og Sulesund.

##### 4.2 Omsynssone til snøskred, steinsprang, steinskred og jordskred (H310)

I område som på plankartet er vist med fareområde merka H310 (raud skravur), er det ikkje tillate med etablering av nye tiltak/busetnad før det ligg føre ein fagkyndig utgreiing og dokumentasjon av tilstrekkeleg sikkerheit.

##### 4.3 Omsynssone friluftsliv (H\_530)

Innanfor omsynssone friluftsliv skal dei viktige og svært viktige områda for friluftsliv søkast bevart for dette formålet. Ved nye tiltak innanfor omsynssonene, kan kommunen krevje at friluftslivet og påverkainga på dette dokumenterast og at det vert synt korleis desse verdiane i området vil bli ivaretatt. Tiltak som virke skjemmande og kjem i konflikt med omsynets målsetning, tillatast ikkje.

Det skal ved tiltak dokumenterast korleis omsynet til ålment friluftsliv er ivareteke.

##### 4.4 Omsynssone naturmiljø (H\_560)

Innanfor omsynssone naturmiljø skal det verdifulle naturmiljøet bevarast. Ved nye tiltak innanfor omsynssonene, kan kommunen krevje at naturmiljøet dokumenterast og at det vert synt korleis desse verdiane i området vil bli ivaretatt. Tiltak som virke skjemmande og kjem i konflikt med omsynets målsetning, tillatast ikkje.

##### 4.5 Omsynssone kulturmiljø (H\_570)

Innanfor omsynssone kulturmiljø skal det verdifulle kulturmiljøet bevarast. Ved nye tiltak innanfor omsynssonene, kan kommunen krevje at kulturmiljøet dokumenterast og at det vert synt korleis desse verdiane i området vil bli ivaretatt. Tiltak som virke skjemmande og kjem i konflikt med omsynets målsetning, tillatast ikkje.

Tiltak skal sendast på høyring til fylkeskommunen før det kan godkjennast.

##### 4.6 Omsynssone høgspantanlegg (H\_370)

Det tillatast ikkje nye tiltak innanfor omsynssone før det er gjennomført utgreiing av magnetfelt i sona og vurdert ev. avbøtande tiltak.

##### 4.7 Omsynssone støy (H210-220)

Rettleiar T-1442/2016 leggast til grunn for nye planar og tiltak.

##### 4.8 Omsynssone detaljering (H910):

Område der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde er viste som sone med skravur og planident for reguleringsplanen. I desse sonene har reguleringsplanen rettsverknad framfor kystsonen sin arealdel, men denne skal leggast til grunn ved ev. reguleringsendringar. Kva planar dette gjeld går fram av planomtalen sitt vedlegg E - Gjeldande reguleringsplanar.

